

## Kule og smarte tredjeklassingar

15.04.2011



Tredjeklassingane imponerte før dei tok påskefri

**Vi er tredje frå Uskedalen, vi er kule og smarte i lag!  
Slik starta rappen til Hanna, Viljar og Thea aom var første nummer  
under morgonsamlinga på skulen i dag.**

**Og dei hadde heilt rettt,  
dei var både kule og smarte. Men instruktør Åse Neset fortener  
den samme karakteren, for saman med dei 19 elevane hadde ho  
laga ein riktig frisk påskekabaret!**



[Ulv og gris - ingen lukkeleg kombinasjon...](#)

I nesten ein halv time heldt dei det gåande og eit nesten fullsett amfi fylgte ivrig applauderande med.



Dei er kule og smarta!

Høgdepunkt var då

6 av dei unge skodespelarane framførte 'Three little pigs' på uklanderleg engelsk utan manus..

Kristian, Dorrydas, Ida Marie, Tuva, Sondre og Andrea var med og speaker Sondre overdrov ikkje då han lova at dei har vorte 'ganske så gode' i språket.

Men det var ikkje langt mellom prestasjonane. Marius, Andrea, Hanna, Fredrik., Ole og Camilla let oss få høyra korleis det gjekk då katta prøvde å lura musungen som var åleine heime.

Amalie og Martin fortalte kvar si molbohistorie.

Ei gruppe av dei glade musikantane i klassen viste kva dei har lært til no og Viljar las 3 dikt av Inger Hagerup.

Og til slutt song dei om å tørka støv, noko alle bør gjera no framfor påska.  
Tredjeklassingane gav alle som var i hallen ein skikkeleg påskestart.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Klassen har og ein flokk musikantar